

KVISTMANNEN. Nitimekåseri.

Av Torgeir T. Garmo.

I dag har eg tenkt å prate littegranne om det overnaturlige, eller det som nesten er overnaturlig, i alle fall!

Langt ute på Sørvestlandet har eg ein ven som gjennom tidene har drivi med mykje rart og interessert seg for enda meire. Ein gong hadde han Per fått greie på at det budde ein kvistmann som kunne meir enn sitt fadervår i ei utbygd ikkje så langt unna, og det varde ikkje lenge før han gjorde seg ein tur utover for å høyre om kvistmann ikkje kunne hjelpe han å finne gull. Draumen om »El Dorado», gullandet ligg som kjent djupt i oss alle.

Jau, da, – kvistmannen heldt det ikkje for urimeleg at han kunne hjelpe 'en Per å finne gull, så nytt møte vart avtalt ved fullmåne ikkje lenge etter. »Tak med deg godt med kart», sa han, kva han nå kunne meine med det?

»Eg hadde innbilt meg at vi skulle til fjells med kvisten, eg», fortalde han Per, »men det fekk nok vente ei stund». I staden

kasta kvistmannen seg over fylkeskartet, og der sat han og sveiva med kvisten sin og ein gullring festa ytst utpå. Etter ei stund fekk han sikkert utslag og forlangte gradteigskartet over ei av grannebygdene. Detta vart bretta ut, og på nytt dansa kvisten over kartet med eigarmannen sat med halvlette augo bak.

Eit område oppe i nordvest såg ut til å suge gullringen åt seg. »Hè; 'he», humra kvistmannen, »der tenkjer eg bukken ligg begravet!»

Nå tok det for alvor til å bli spennande, og fyrste helga stilte han Per med bil og kvistmann og sikre vitne lengst nord i Dalsbygda. Vegene var trong og kronglete mellom høge bergvegger, og i baksetet breidde kvistmannen seg med ein glinsande gullring på spent kluft. I ein sving ikkje langt unna eit tjern med bleike nøkkroser vart det kommandert full stopp frå baksetet, og ut taut finnbikkje og kvistmann og trauste vestlandsbønder.




STENKJELLEREN rock-shop

MINERALER, SLIPEUTSTYR, RÅSTEIN,
SKIVER, INNFATNINGER, CABOCHONER.

KATALOG tilsendes
for 10 kr. som fratrekkes bestilling.

C. ANDERSEN & Co. — A.B.C. Gaten 5.
STAVANGER — tlf. (045) 20 882



»Her,» sa kvistmannen og braut seg ut i skogen, det kunne sjå ut som om klufta drog han oppover. Bratt var det, og tettvaksten ungsskog som det gjerne er på Vestlandet, det vesle fylgje pæsa seg opp mot snaufjell og berre bergnabbar bak trollmannen som brått var 20 år yngre og kleiv som ei geit mot himmelleitet.

»Her!» skreik han, med dirrande røyst mot eit isskurt berg. »Berre meteren ned her er åra!»

Per hadde vore førevis han og prata med lensmannen om lunte og dynamitt. Slegge vart ruska fram og feidssel, snart song det i fjellstilla og holet åt seg sakte ned mot den gøymdde gullåra.

»Varsko her, luuunta breinn!» – steig som eit triumfskrik mot himmelen. Så small det, som det aldri har smelle før på Vestlandet ifylgje 'en Per, og blokker og småstein steig mot nye høgder og gjekk nesten inn i bane rundt sola.

Jau, da, der blenkte det i den kvite gåra. »Kvarts», sa han Per som forstod seg på slikt, og gullet finst som kjent i kvarts.

Ivrige hender plukka gjennom steinhaugen. Blenkte det ikkje gult der? Og der?


På dette tidspunktet var det eg vart trekt inn i dramaet. Eit par dagar etterpå stod 'n Per utafør med ein diger sekk på ryggen. »Jøss,» utbraut eg, » – har du blingsa på kalenderen, det er minst eit halvår åt jula, ennå!» Det høyrast vanvittig ut når eg fortel det eg har vore med på, men det er gull ikvar ein stein om du kikkar nøyare etter med lupe! »Tull,» sa eg etter å ha fått servert historia, »det er reinspikka svovelkis de har treft på »fools gold» som det heiter på engelsk». »Der da,» peikte Per'en og var påståeleg, »der!»

»Hm!» Eg stilte mikroskopet på større

forstørring. »Merkelege greier» måtte eg medgjeva, »det er noko gult metallisk der som eg rissar med rissenåla». Eg henta fram ei gullprøve frå mi eigen samling og prøvde også. Så log vi hysterisk.

Eit par veker seinare hadde eg ærend til byen, og eg rusla oppom museet med eit par prøver. Konservatoren hørde tolmodeg på meg, enda han sikkert hadde anna å gjera. Så rusla vi opp til labben med han prata høfleg om andre ting. »Hm,» sa han. Og så »HMM» eit par gonger til. »Var det på Vestlandet, sa du?» »Heilt ufatteleg,» mumla han for seg sjølv, »det er jo ingen tvil om at det er gull her! Og i det feltet vi har hatt geologar i arbeid i mange år nå. Men det er eit faktum, enten vi liker det eller ikkje, at dei fleste av malmforekomstene våre er funne av folk som har gått med kvisten!»

Ved lunchen like etterpå måtte historien repeterast. Ein etter ein fekk mistenksomme geologar stoffen utleverd, og var påfallande stutte i kommentaren når dei kom att etter ein tur på labben. Til slutt hadde sjølve »Eksperten» dukka opp, tilkalla av alt oppstyret. Lengje sat han og fingra på stoffen. »Javisst er det gull,» slo han fast, »men aldri har eg sett det førekoma slik før!» »Hadde kvistmannen gullring sa du?» For meg ser det ut som om steinene er gneka mot noko, vi får kanskje undersøkje kor mange karat dei brukar i gifteringane på Vestlandet?»



BYTTEANNONSER ER GRATIS!

Prøv en da vel!